



Kyrkjeverje Erlingur Nielsson talar ved 100-årsfeiringa i Uskedalen sist haust

Leiar Møyfrid Kristoffersen i soknerådet i uskedalen har i uskedalen.no gått inn for at eit felles kyrkjekontor blir lagt til vår bygd, men slik vert det ikkje. No har den nye kyrkjeverje Erlingur Nielsson sagt at kontoret skal leggjast til Valen. No er det oppdelt i 3 fysiske einingar og større tilgjenge, sterkare fagmiljø og betre kommunikasjonar er argumenta hans for ei slik lokalisering. Kontoret vert lagt til eit nytt bygg ved Valen kyrkje.etter samrøystes vedtak i fellesrådet. 3 av dei 4 prestane har base i den ytre del av kommunen-

Fellesrådet har dessutan ei tomt like ved kyrkja på Valen. Det er 14 stillingar i kyrkjeadministrasjonen i Kvinnherad. Samlinga vil gjera det mogleg å gjera alle tilgjengeleg på ein stad og halda oppe i vanleg kontortid framfor berre 2 eler 3 dagar i veka. Nielsson vonar på innflytting om eitt år, seier han til Kvinnheringen.

Teksr, foto og nett: Ola Matti Mathisen